

Livskvalitet på Seljetunet

Kvalitetsutvikling og livsglede



Leve *heile* livet

Kjære bebruar på Seljetunet

Det er starta opp eit prosjekt på sjukeheimen som heiter Livskvalitet.

Det handlar om kvalitetsutvikling og auka livsglede.

Eg, Maria Helgesen er koordinator, men prosjektet omhandlar alle som jobbar her, leiinga, politikarane, lokalsamfunnet, pårørande og sjølvstøtt de som bur her.

For å finne ut kva som skal til og kva ein skal gjere for at de som bur her skal få det endå betre, er det viktig å bli betre kjent og få dykkar meiningar, tankar og ynskjer.

Dette brevet går ut til alle som bur her, og er meint som kort informasjon om prosjektet, og som eit slags startskudd for idemyldring 😊

Eg og/eller din primærkontakt kjem til å avtale ei tid der vi i første omgang tek ei samtale rundt dette.

De kan begynne å tenke og fundere på følgjande:

Kva tykkjer du fungera bra?

Kva skulle du ønskje var betre?

Kva saknar du tilgang til og/ eller tilbod om?

Etter kvart ynskjer ein også å bli endå betre kjend med kvar og ein si livshistorie.

Arbeid, familie, opplevingar, interesse og hobbyar.

Til betre ein kjenne kvarandre- til betre har ein det ilag 😊

Venleg helsing Maria Helgesen